



TJEN FOLKET



Mai 1976

FRAM FOR SKARPE PROGRAMDISKUSJONER!



LEDER

Om nominasjonene til valg av SK på 2. landsmøte	1
PROGRAMDISKUSJONEN	
Hovudmotsiinga: Borgarskapet mot det arbeidande folket	4
Mot linja med »to-fase-revolusjon»	5
Om allianse mellom proletariatet og bøndene under sosialismen	7
I krig: Taktiske allianser med borgerskapet nødvendig	9
Sjukepleierne tilhører arbeiderklassen	12
Hva er proletar? Om klasseanalyse av sjukepleierne	13

Arbeidsprogrammet fra -73: I hovedsak riktig politisk	15
---	----

FAGLIG POLITIKK:

Foreløpig oppsummering av diskusjonen på taktikken	
Polemikken mellom Ole og Arnold: Mot dogmatisme!	16
Fremmedarbeiderspørsmålet: Mot »Steng grensene»-parolen!	17

YMSE SAKER:

»Kamp mot all kvinneundertrykking» - Parola: Høyreopportunistisk	
»Kamp mot all kvinneundertrykking» - ei riktig linje	20



LEDER:

Materiale til møte om nominasjonar til val av SK på Partiets 2. Landsmøte

Alle avdelingane skal på eige møte drøfte nominasjonane til ny SK. Dette avdelingsmøtet skal drøfte *kriteria* for nominasjonane, såvel som å vurdere aktuelle kameratar i laga. Det materialet som vert presentert her, skal ligge til grunn for desse diskusjonane.

1. Kriterier for vurdering av kandidatane:

A. *Allment* må målsetjinga vera å nominera *mange* arbeidarar. Det må likeeins leggjast stor vekt på *politisk-ideologisk nivå*. Og *roynsler* frå klassekampen og revolusjonært arbeid.

B. Etter vår meining må kameratane leggja vekt på følgjande kriteriar i vurderinga av kvar einskild kamerat sitt kadidatur.

1) *Politisk og ideologisk nivå*. Dette må vere eit hovudkriterium i vurderinga av den einskilde kameraten. Evne til politisk analyse, grep om strategiske spørsmål og om taktikk, vilje til å studere marxismen-leninismen sine klassikarar og interesse for teoretisk arbeid er saker ein må trekkje inn for å vurdere nivaet til kadrane ein ønskjer å nominere. Vidare må klassestandpunkt, tilhøvet til massearbeid og grep om organisasjonsarbeid vera viktige moment i vurderinga av nivået.

Dette kriteriet, må etter nominasjonskomiteen si oppfatning vera det avgjerande når ein vurderar ein kamerat nominert til SK. Ifølge vedtektene skal SK veljast *blant* dei mest leiande og framskredne kameratane i partiet.

2) *»Fartstid» i partiet*. Etter vår meining må ein kamerat som vert nominert ha vore medlem av ml-rørsla *minimum* sia *partiskippinga*. Sjølv sagt vil vi

vurdere kameratar som ikkje oppfyller dette kravet, men det vil i alle høve vera eit viktig arbeidsprinsipp for nominasjonskomiteen.

3) *Lojalitet til partiet*. I nominasjonsarbeidet må det leggjast vekt på å finne fram til kameratar som har synt lojalitet til partiet, som har synt prinsippfasthet og ikkje vakling i samband med atak på partiet og partilina.

4) *Tilhøve til den moderne revisjonismen*. I nominasjonane må det leggjast vekt på å finne fram til kameratar som har synt evne til å føre kamp mot revisjonistiske avvik i partiet, som har skjona den moderne revisjonismen sin reaksjonære karakter og som har gått i brodden for kampen mot den moderne revisjonismen.

5) *Demokratisk sentralisme/partidisciplin*. I vurderinga av kameratar ein ønskjer å nominere må det leggjast vekt på at vedkommande har synt evne til å halde på den demokratiske sentralismen i arbeidet, at kameraten set partidisciplinen høgt, kjemper for einskapen i partiet og ikkje farer med splittingsverksemd og fraksjonsmakeri.

6) *Enkelt liv – hardt arbeid*. I vurderinga av kameratar ein ønskjer å nominere må ein leite etter kadrar som set partiet, arbeidarklassen og revolusjonen sine interesser føre sine eigne, som ikkje jagar etter rampelyset og personlege føremoner. Kandidatane må syne evne til hardt og uegennyttig arbeid og ikkje vera »søndags og solskinnskommunistar» som overordnar sine eigne, personlege interessar revolusjonen og partiet sine interesser.

7) *Diskvalifiserande eigenskaper*. Saker som karriere-

risme, kritisisme og fraksjonisme, samt andre typer grove ideologiske feil, må vurderast som diskvalifiserande. Likeeins må ein vurdere saker som alkoholmisbruk o.l. personlege eigenskaper, som diskvalifiserande for nominasjon.

8) *Klassestandpunkt.* I nominasjonane må det leggjast vekt på å finne fram til kameratar med eit mest mogleg rotfesta, proletarisk klassestandpunkt. Det må leggjast vekt på å finne fram til kameratar som er vuljuge til å sameine seg

med proletariatet. Særskilt viktig er det å ha skjøna *arbeidarklassen* si leiande rolle og naudsynet av å innrette arbeidet på *proletariatet* og proletariatet sine interesser. I djupaste meining tyder klassestandpunkt at revolusjonen, klassen og partiet sine interesser vert overordna alle andre interesser, og utgjer fundamentet og drivkrafta for det politiske arbeidet.

9) *Masseline.* Dette kriteriet tyder ikke korvidt ein kader er «kjekk og grei», men korvidt ein kader har gripi det marxistiske prinsippet om at *mobilisering av massane* rundt partiet sine liner og til revolusjonær handling må vera eit grunnleggjande prinsipp i kommunistane sitt arbeid.

10) *Kritikk og sjølvkritikk,* er eit heilt grunnleggjande prinsipp for eit kommunistisk parti og kommunistisk kaderar. Eit parti som gjev opp kritikk og sjølvkritikk vil utan tvil degenerere til eit borgarleg, revisjonistisk parti. Kaderar som ikkje evner å kritisere feil hos seg sjølv og i partiet, vil heilt sikkert rotne opp og spore av den revolusjonære vegen. Ein må difor leggja vekt på å vurdere kvaslags tilhøve til kritikk og sjølvkritikk dei kameratane har, som ein ønskjer å nominere.

C. Få eller ingen vil ha eit like høgt nivå til alle desse krava. Det er såleis viktig å gjera ei heilskapeleg vurdering av dei, og nominere utfrå denne. Sers viktig er det å sjå på utviklinga hos kameratane, og nominere utfrå korvidt dei er i utvikling på dei område kriteria strekar opp.

D. Elles vil vi gjerne nemne at kameratane bør skjerpe seg på å finne fram til dyktige, kvinnelege kameratar. Det finst framleis mykje borgarleg slagg i vurderingane av kvinnelege kameratar sitt arbeid og nivå, som fører til at det i val og vurderingar ofte er ein tendens til å «glømme» dei kvinnelege kaderane. Slike haldningar må det takast kamp mot i nominasjonsarbeidet.

Disse kriteriene betyr ei korrigerings av kriteriene som blei lagt til grunn for nominasjonsarbeidet foran landsmøtet i 1973. Den gangen blei det lagt for ensidig vekt på sosial og kjønnsmessig sammensetning av komiteen, og for lite vekt på spørsmål om politisk nivå, disiplin osv. Dette ga seg mest utslag i forberedelsene til landsmøtet og fikk ikke dominere valgene til SK. Men likevel representerte det en skadelig, revisjonistisk tendens som vi må være klar over og føre kamp mot.

De retningslinjene vi har lagt fram her, betyr at vi bevisst legger større vekt på å velge et ledende kollektiv som er stabilt i si politiske vurdering, har et bra klassestandpunkt, et høyt politisk og ideologisk nivå, og jobber oppofrende og lojalt for partiets og arbeiderklassens interesser enn å oppnå den eller den prosentvise sammensetninga av komiteen ut fra kjønnsmessige eller distriktsmessige vurderinger. På dette punktet må det ikke oppstå noen tvil.

Når vi også understreker behovet for å fremme kvinnelige kamerater, så er det fordi dette er en strategisk målsetning som vi må løse uten å gå på akkord med andre prinsipper.

E. I vurderinga av konkrete tilfelle, må ein sjølsagt sjå desse kriteria som ein innbyrdes einskap. Med unntak av pkt.1, er dei ikkje prioritert innbyrdes.

Vær dristige med å bringe fram kameratar til vurdering, men ver og dristige med å nytte kriteriene i diskusjonen.

På oppdrag frå SK/AU,
Nominasjonskomiteen.



LANDSMØTEFORBEREDELSENE: PROGRAM DISKUSJONEN

Hovudmotseiinga: Borgarskapet mot det arbeidande folket

I førre nr. av TF var det ein artikkel som polemisererte mot mitt syn på hovudmotseiinga, slik eg la den fram på avdelingsdrøftinga av programutkastet. Sjøl om eg idag er meir i tvil på nokre punkt, skal eg her legge fram synet mitt og grunngje det meir omfattande enn det Oddleif gjer i artikkelen sin. Oppmodar også andre kameratar til å bruke TF aktivt i programdrøftinga, slik at vi gjennom hard meiningsbryting kan kvesse programma til ein best tenleg reiskap i kampen for revolusjonen.

Hovudmotseiinga i Noreg idag

Etter mi meining går hovudmotseiinga idag mellom borgarskapet på den eine sida og det arbeidande folket på den andre sida. Dette inneber at eg er samd med Oddleif i at monopolkapitalen *ikkje* er skilt ut som eiga klasse, men at den er det leiande sikitet innafor borgarskapet. Eg skal ikkje grunngje dette meir her, men seier meg samd i siste del av artikkelen til Oddleif.

Når det gjeld den andre sida: *det arbeidande folket*, så dekkjer denne etter mi meining både proletariatet og det arbeidande småborgarskapet på landsbygda. Skrivemåten på dette bør nok helst vere som i programmet frå 73: »Arbeiderklassa i nært samlag med osv...». Ved ein slik seiemåte vil ein streke under arbeiderklassa si leiing i klassekampen.

Kvifor det arbeidande folket?

På side 9 i utkast til nytt prinsipp-program står: »Egentlig må en nøyere analyse behandle småborgerskapet som flere klasser. De enkelte klassene innafor småborgerskapet skiller seg nemlig nokså betydelig fra hverand-

re.» Dette er eg heilt samd i, og eg skal her ta opp nokre punkt der det arbeidande småborgerskapet på landsbygda skil seg klart ut (har ikkje vurdert grundig om dette også vil gjelde for einskilte grupper av småborgerskapet i byane):

a) Dei er særst hardt undertrykte av borgerskapet, og lever under vanskelege økonomiske og sosiale tilhøve. Sjøl om dei eig produksjonsmiddel, er dette ofte ei rein formalsak, reelt er det bankar o.l. som har råderetten over desse prod.midla. Dei er utsette for eit hardt skattetrykk, hard økonomisk undertrykking, og klassene vert stendig raskare utraderte – proletariserte.

(Døme på ein formell eigerett til produksjonsmiddel kan vere lott-karen, som må halde ein del vegn for å kunne ta del i fisket, men det er redaren som *reelt* rår over bruken av reiskapen fordi han eig båten osv...).

b) dei tek ikkje sjølve del i utbygtinga – er ikkje ei type småkapitalistar. Dette kriteriet skil ut storbøndene og tilsvarande grupper innafor fisket. Det skil dei også på avgjerande vis frå store delar av småborgarskapet i byane. Småbønder og tilsvarande (lott-karar, sjarkfiskarar...) har i praksis ingen sjanse til å stige oppover klassemessig, tvertom går proletariseringa stendig raskare.

c) Dei har skarpe motseiingar til storbøndene, til bondemonopola og til klassestaten – tenk til domes over klassebasisen til skattestreiken på Hitra og andre stader ifjor.

Fleire punkt kunne nok vere nemnt, men *det sentrale er at desse gruppene har som klasser objektiv interesse av revolusjo-*

nen. Det er ikkje berre einskildpersonar innafor desse klassene som kan vinnast for revolusjonen, men som utkastet til program slår fast: »Småbønder vil virkelig ha mye å vinne på den sosialistisk revolusjonen, og de har en potensielt stor entusiasme for revolusjonen» (s. 7). Alliansen mellom proletariatet og desse klassene er av strategisk karakter – proletariatet treng desse klassene som faste allierte i revolusjonen.

Å seie at einskapen mellom proletariatet og desse klassene er viktigare enn motsetnaden mellom dei, inneber ikkje at det er enkelt å skipe ein slik allianse. Tvertom er det vanskeleg nok å sameine proletariatet for oppgåvene i revolusjonen, og sjølsagt endå meir komplisert når det er tale om grupper av småborgarskapet. Er heilt samd med Oddleif i dette, poenget er berre at hovudmotseiinga ikkje seier noko om det er enkelt eller vanskeleg – den er trekt mellom dei klassene som har objektiv interesse av sosialismen på den eine sida, og borgarskapet på hi sida. *Det arbeidande småborgarskapet står i eit motsetnadstilhøve til borgarskapet som på mange vis er likt motseiinga mellom proletariatet og borgarskapet.*

Argumenta mot å stille hovudmotseiinga slik

På avdelingsmøtet var ei av dei viktigaste innvendingane mot mitt syn at eg blanda saman spørsmålet om hovudmotseiinga med spørsmålet om kva slags alliansar proletariatet skulle skipe til i den revolusjonære kampen. Denne innvendinga meiner eg er feil først og fremst fordi allianse-spørsmålet er langt vidare (breiare) for proletariatet enn berre til det arbeidande småborgarskapet på landsbygda. Desse er rett nok dei viktigaste klassene proletariatet må få under si leiing, men dei er slett ikkje dei einaste. Proletariatet sin taktikk må grovt sagt vere utfrå prinsippet om å sameine flest mogleg klasser, lag og grupper under si leiing i kampen mot borgarskapet. Dette vil etter mi meining kunne vere storstedelen av småborgarskapet.

Vidare vil det vere ei oppgåve å nøytralisere andre delar av småborgarskapet (kanskje også grupper innafor borgarskapet) for i størst mogleg grad å isolere borgarskapet som klasse (om det er høve til det må ein sjølsagt også prøve å splitte borgarskapet).

Såleis meiner eg at dei som hevdar at eg blandar saman allianse-spørsmålet og spørsmålet om hovudmotseiinga, sjølve står i fare for å snevre inn spørsmålet om alliansar på farleg vis.

Oddleif seier i artikkelen sin at eg: »... blandar i ei mølge dei underordna motseiingane mellom borgar og småborgar, mellom proletar og småborgar – og hovudmotseiinga mellom proletar og borgar.» Som eg alt har peika på meiner eg einskapen mellom proletariatet og det arbeidande småborgarskapet er viktigare enn motsetnadene mellom desse klassene. Derfor inneber ikkje synet mitt ei utvisking av det som skil desse klassene, men berre den slutninga at desse motsetnadene er underordna i høve til hovudmotseiinga i samfunnet, dvs at likskapen mellom proletariatet sitt tilhøve til borgarskapet og bønder/fiskarar sitt tilsvarande tilhøve er viktigare enn motsetnadene mellom desse klassene.

Eg sa innleiingsvis at eg var meir tvilande til denne analysa idag. Skal ikkje oppsummere det her og no, men berre peike på at eg ikkje skjønar Oddleif si framlegging av tilhøvet mellom den grunnleggjande motseiinga og hovudmotseiinga. Sidan dette er den sentrale innvendinga mot mitt syn frå Oddleif si side, så stiller det delar av mi eiga analyse »på larvetøyer». Men denne oppsummeringa får heller kome i eit seinare innlegg. Håper andre kameratar vil svare på dette innlegget, og ta opp både det siste punktet og andre punkt.

JON

Kamerat Jon tar i dette innlegget opp eitt svart viktig pkt. i det nye forslaget til prinsippprogram, formuleringa av hovedmotsigelsen i Norge. Hans syn, at hovedmotsigelsen går mellom borgerskapet og det arbeidende folket står i motstrid til formuleringa i programforslaget og til kamerat Oddleif i forrige nummer, som sier at hovedmotsigelsen går mellom borgerskap og proletariatet. Kamerat Jon hevder at småbønder og fiskere står i

tilnærmet samme stilling i forhold til borgerskapet som proletariatet og at den følgelig kan regne disse gruppene inn som en del av den samme motsigelsen som proletariatets motsigelse til borgerskapet. Kamerat Oddleif vil i neste nummer komme med et svar og vi oppfordrer også andre kamerater til å delta i diskusjonen.

Red.

Proletariatet i Noreg må gripe makta for seg, skipe proletardiktaturet utan omveg

Spørsmålet om grunnleggjande steg i den norske revolusjonen er eit av dei viktigaste punkta i programdebatten. Lina om revolusjon utan forstadium har vore partiet si line, etter mitt syn er denne rett. Sjøl om denne lina omtrent aldri har vorti kritisert, så trur eg at dette likevel er eit stridsemne i rørsle. Berrlagte feil i klasseanalysen må etter mitt syn føre til at einskapen om strategien ikkje er fast og djup nok.

Proletardiktaturet er arbeidarklassas eiga makt

Dette tyder at arbeidarklassa grip makta for seg og for ingen andre klassar. Det vil seie: proletariatets diktatur over dei gamle herskarklassane og proletariatets ledelse over alle andre klassar. På dette viset vil eg seie at det er diktatur frå arbeidarklassa. Her skil proletariatets diktatur seg greit frå det nydemokratiske/folkedemokratiske diktaturet. Mao seier om dette skilet: Nydemokratiet skal regulere kapitalismen, medan proletariatets diktatur (pd) skal styrte han. At eit slikt førebunde strategisk steg ikkje kan lausrivast frå pd eller at det er stutt i tid, må aldri føre til at ein løyner dei grunnleggjande skilja som finst. Desse skilja finst i klassegrunnlaget for statsmakta, dei finst i den væpna makta og dei vil finnast i økonomisk politikk og i retningslinene for samfunnslivet. I samband med dette meiner eg at kamerat Øgrim gjer ein feil når han i fyrste artikkelen i RF umotivert

og ugrunna seier om nydemokratiet i den 3. verda at teoretisk må det kallast ei særskilt form for proletardiktatur. Eg kan ikkje meine anna enn at dette er feil, eg vil gjerne at han greier ut dette i staden for å slenge inn ein så viktig konklusjon nærast som eit bimoment. Kvifor er dette viktig? Fordi at åtak og linjer mot pd gjerne gjer seg ut for å vera »ei form for pd».

Knus teorien om antimonopolismen

Eg trur all gift som er spreidd frå revisjonismen i samband med deira såkalla tofasestrategi er det vi skal ta mest alvorleg i den strategiske debatten. Kjernepunktet i denne samanhengen er at revolusjonen sin fiende er einast monopolistoligarkiet. Vidare at »dei moderne mellom-laga» er viktigaste allierte og at det er mogleg og naudsynt med samarbeid med det ikkje-monopolistiske borgarskapet. Mitt syn er at skiljelinene innan heile borgarskapet ikkje er slik at ein



LANDSMØTEFORBEREDELSENE: PROGRAM DISKUSJONEN

berre kan rette slaget mot oligarkiet, at det finnst ikkje noko nasjonal eller patriotisk borgarskap. Dessutan er det ikkje »det moderne mellomlaget«, men fattig- og småbøndene som er proletariatet sine beste stridsfelagar. Hovudpunktet om skiljene i borgarskapet og korleis dette ter seg i økonomien meiner eg kjem godt fram i polemikken til TØ i Røde Fane. Den grunnir godt kvifor revolusjonen må skipe proletardiktaturet beinveges.

Kan imperialistisk åtak og okkupasjon endre strategien?

Slike åtak er høgst trulege og dei kan skape mangslungne tilhøve. For å vurdere dette grundig må vi analysere med omsyn til kva supermakt som gjer åtak eller okkuperar, vi må vurdere kva omfang okkupasjonen har osv. Ei okkupasjon vil seie at hovudmotsiinga i Noreg vil gå mellom det undertrykte norske folket og den imperialistiske supermakta, men den vil ikkje endre motsigelsen mellom borgarskap og proletariat. Røynslene frå siste krig og dels frå EF-striden tyder ikkje på at store deler av borgarskapet vil verte nasjonalt og patriotisk. Alliansar i så leid er såleis lite trulege. Om den væpna makta så trur eg det er rett å seie at i beste fall vil ein i samband med åtak ha to våpenmakter i landet, ein borgarleg og ein proletær. *Strategisk* må ein då velje mellom desse, ikkje sameine dei. Vi må velje den proletære våpenmakta. Dette tyder på ingen strategisk endring i revolusjonen. Dette meiner eg gjelst for hovudlinene. Korleis proletariatet i krigen og under oppbygginga av si makt ter seg taktisk i høve til ei mogeleg borgarleg motstandshær er eit anna spørsmål, der det finst mange taktiske krokar inn under strategien.

Alt i alt konkluderar eg med at åtak og okkupasjon ikkje endrar strategien for pd.

Treng ikkje arbeidarklassa stridsfelagar?

Dette er eit viktig spørsmål, og rundt dette er det reist åtak på pd fordi det vil støyte bort forbundsfellene, vil føre til diktatur over andre deler av folket (Oskar i TF 10/75) To ting er naudsynt å halde fast på:

Den moderne arbeidarklassen er fullt i stand til å leie revolusjonen og bygge sosialismen, og den vil gjere det. Arbeidarklassen treng forbundsfellar frå andre klassar og lag fordi desse har interesse av sosialismen og fordi det vil tene sosialismen og kampen. Kven er desse forbundsfellane? Dei er fattigbøndene og småbøndene saman med fiskerne. Så vidt eg veit femner desse om 80 % av jordbruksfolket (110–120 000) i talet). Dei produserer over halvparten av verdiene, særskilt gjeld dette kjøt og mjølk. Det er to ting å seie om dei. Imperialismen gjev dei inga framtid samstundes med at dei er istand til å produsere mat. Dei er stridsfelagar for arbeidarklassa. Dei må vinnast for sosialismen.

Kva med dei små produsentane i byane?

Etter mitt syn finst det ein opportunistisk tendens til å late som om ein talar om dess med å nemne »melkehandleren på Grunerløkka«. Eg vil hevde at dette er å skjønne denne gruppa som er svært vidtfemnande med omsyn til verksemd, økonomi og vilkår. Samstundes er det ei heller lita gruppa. Vi finn mykje småborgarleg verksemd (etter kriteriet tilsette) i verksemd med høg teknologi, høgt utdanna arbeidskraft osv. Slike meiner eg ingen konsesjonar kan gis. Eg meiner vidare at den verksemda som liknar mest på den gamle handverkartradisjonen ikkje er nokon viktig del, fordi denne som svært mykje anna småverksemd (handelen) i dag er knytte

til borgarskapets verksemd og produksjon på eit grunnlag som pd har fjerna. Alt i alt meiner eg at store deler av småprodusentane i byane ikkje står for nokon viktig og sjølstendig produksjon som arbeidarklassen må dra føremon av. Eg kan heller ikkje sjå at dei skulle ha synt slik kampkraft mot borgerskapet at dette må bety omfattande konsesjonar frå arbeidarklassen.

Eg trur difor at småprodusentane i byane er støttespelar til borgarskapet, arnested for kapitalisme, framfor omfattande kraft for proletariatet og sosialismen.

Diktatur eller forbundsfellar?

Oskar greip fatt i at ein ikkje kan sameine ein klasse sitt diktatur og samstundes tale om forbundsfellar. Dette trur eg er eit viktig problem og eg trur det rører med det grunnleggjande draget ved pd.

Lenin sa fylgjande om pd. »Den klassen som har gripe den politiske makta i hendene, har gjort det i medvete om at den grip den aleine. Dette fell under omgrepet proletariatets diktatur. Dette omgrepet har berre mening når ein klasse veit at den aleine grip den politiske makta, korkje narrar seg sjøl eller andre med prat om ei ålmennfolkeleg-ålmennvald og av heile folket velsigna makt« (Siter av Stalin i *Leninismens Problem*, side 173, Svensk utgåve) Stalin sier vidare: Dette betyr likevel ikkje at denne klassen, proletarklassen, når den grip makta, den makta den ikkje delar og ikkje kan dele med andre klasser, ikkje har torv av hjelp og eit forbund med de arbeidande og utsogne massane frå andre klassar for å nå målet. (Same stad.)

Stalin nemner vidare at Lenin kallar pd ei særskilt form av klasseforbund mellom proletariatet og dei ikkje-proletariske delene av det arbeidande folket, eit forbund der proletariatet har leiinga og hegemoniet. Lenin løyser motseiinga mellom dikta-

turet og forbundet ved å seie at »diktaturet sitt høgste prinsipp er å halde oppe proletariatets forbund med bøndene for at proletariatet skal kunne holde fast på si leiande rolle og si statsmakt.» (Sitert av Stalin same stad.)

Her drøftar Lenin og Stalin den russiske revolusjonen sin strategi og taktikk, likevel kan vi trekke ut ållmenne prinsipp som og er gyldige for vår drøfting.

Oppsummering.

Revolusjonen må skipe proletardiktaturet beinveges.

Vi må kjempe mot heile borgarskapet.

Krig og okkupasjon endrar ikkje strategien.

Dei utsogne massane på landsbygda er dei fremste forbundsfellane. Diktaturet hindrar ikkje

korkje desse eller andre som forbundsfellar.

Dei små produsentane i byane kan ikkje reknast som forbundsfellar på line med massane på landsbygda.

Roar

PROLETARDIKTATURET —

Ei særskild form for samlag mellom proletariatet og dei ikkje-proletære laga i det Arbeidande folket

Så langt eg kan sjå, er det ei viktig grunnsetning i den marxist-leninistiske læra om proletardiktaturet som ikkje er formulert i kapittel VI, pkt. 23 i »Utkastet til prinsipp-program for AKP(m-l)».

Denne grunnsetninga gjeld tilhøvet mellom proletariatet og dei ikkje-proletære laga i det arbeidande folket under proletardiktaturet.

Eit samlag mot kapitalen

Lenin gjev eit klårt svar på korleis dette tilhøvet må vera. På ny og på ny seier han at det er eit prinsipp for proletardiktaturet å halda oppe samlaget mellom proletariatet og dei arbeidande bøndene. Ein stad seier han det slik:

Proletardiktaturet er »ei særskild form for klasse-samlag mellom proletariatet, fortroppen for det arbeidande folket, og dei talrike ikkje-proletære laga i det arbeidande folket (småborgarskapet, småkjøpmenene, bøndene, dei intellektuelle osv.), eller fleirtalet av dei. Dette er eit samlag mot kapitalen, eit samlag for å velte kapitalen heilt og fullt og underkua motstanden frå borgarskapet heilt ...» (Samla verk, b. 24, s. 311, engelsk utg.)

Det går fram av analysen fleire stader i kapittel VI »Sosialismen, proletardiktaturet og utviklinga til kommunisme» at programmet står dette synet. Sjå til dømes

slutten av programpunktet 25: »Attåt må proletariatet sameine seg med småbøndene og dei lågare mellomstore bøndene, stri mot borgarskapet og borgarlege tildriv på landsbygda, og nytte overtaling, oppseding og hjelp for å få bøndene sjølv til å utvikle høgare former for samfunnsseige.» (s. 32, andre spalta — om lag same formuleringa står og i punkt 23, s. 28, andre spalta.)

Bøndene er vareprodusentar

Ei gruppe som KA (Hovden) og KUL (Berntsen) seier konsekvent at bøndene — alle bønder — er fiendar av sosialismen og at proletariatet må leggja dei under diktatur. Dette kjem dei fram til fordi dei har bladd i Marx' og Lenins verk og funne ikkje få sitat som seier at bøndene er småprodusentar, vareprodusentar, som avlar kapitalisme kvar dag og kvar time.

Dette er heilt rett, men ein skjønar ikkje kva dette vil seie for korleis proletariatet skal stilla





LANDSMØTEFORBEREDELSENE: PROGRAM DISKUSJONEN

seg til dei ulike delane av bøndene, fordi om ein lærer seg desse sitata utanboks og lirer dei av seg som prestar hermar evangeliet.

Lenin studerte dette spørsmålet konkret. Tesen om samlaget mellom proletariatet og dei arbeidande bøndene under proletardiktaturet spring fram av denne konkrete analysen.

Programmet må gje att denne analysen rett, slik at vi korkje balar oss ned i grava til Hovden og Berntsen eller rotar oss inn i eit syn som jamstiller proletariatet og bøndene og tenkjer oss dette samlaget under sosialismen som eit *felles diktatur* av fleire klassar.

Dra skiljelina rett

Slik eg ser det, er Lenin sitt syn slik:

1 «Den arbeidande bonden har vore underkua av godseigarar, kremarar, spekulantar og staten *deira* i hundreår, sjølv i dei mest demokratiske borgarlege republikkar. Den arbeidande bonden har i hundreår amma opp eit hat og ein fiendskap i seg mot desse underkuarane og ut-sugarane, og den «oppsedinga» livet har gjeve han, *tringar* bonden til å søkje samlag med arbeidaren mot kapitalisten, mot spekulanten, mot kremaren.»

2 «Men samstundes fører den økonomiske stillinga og vareøkonomien til at bonden ikkje kan koma frå (ikkje alltid men i dei aller fleste tilfella) å bli til kremar og spekulant.»

3 «Proletariatet må dra opp ei skiljeline, ei grense mellom den arbeidande bonden og den sjølveigande bonden, mellom arbeidarbonden og kremarbonden, mellom den bonden som strevar og arbeider og den bonden som spekulerer.»

(Sitat frå Lenin-artikkelen «Økonomi og politikk i tid-bolken for det proletariske diktaturet», 30. oktober 1919.)

Vi ser at Lenin peikar på at bøndene står der som *ei kraft* proletariatet *kan* gjera seg nytte av i striden for å gjera ende på borgarskapet, dersom det veit å dra skiljelina gjennom denne gruppa rett heile tida. Og *må* gjera seg nytte av på rett vis, for å få så store krefter som råd er i sving i samfunnet mot borgarskapet og mot stadige nye tildriv til kapitalisme.

Bønder og arbeidarar under okkupasjonen

Røynslene frå okkupasjonstida i Noreg kan konkretisera kva dette dreier seg om. Eg har berre for meg eit omriss av korleis dette var då, og folk som veit meir, må gjerne skriva meir om det og retta på det som er rangt i det inntrykket eg har.

Tildrivet til at bonden – også småbonden – vert kapitalistisk småspekulant og kremar kom t.d. fram i bygder kring store industristader. Frå heimbyen min veit eg at arbeidarane dro enkeltvis ut til bondegardane og ba tynt om å få kjøpa jordbruksprodukt for å få tilskot til dei svolterasjonane tyskarane tildelte dei. Det går haugevis av soger om korleis dei vart mottekne av storsnuta bønder som heldt varene sine attende til dei fekk ublue prisar for dei. Eg trur ikkje dette berre galdt borgarlege bønder, men og bondesmåborgarar.

Tildrivet til allianse med arbeidarane kom t.d. fram i bygder der det var småbasar av væpna motstandsfolk. Der hjalp bøndene til med å gje forsyningar og anna hjelp til desse gruppene, storparten av bøndene i alle fall. Tildrivet til spekulasjon og til å verna seg sjøl mot trugsmål frå tyskarar og quislingar og tildriv til spekulasjon fanst her og.

Proletardiktaturet stør seg på klassestriden hjå bøndene

Poenget mitt er at ein verkeleg velorganisert og kampviljug proletarisk stridsrørsle må utvikle samlaget med bøndene – både for å hjelpa dei væpna styrkane og for å utvikla hjelp begge vegar mellom bøndene og arbeidarane under og etter krigen.

Spekulantane og kremarane, dei som er det i kraft av økonomisk velberging, desse delane mellom bøndene ville vera til hinder for ei slik utvikling. Sjølv det allmenne tildrivet til å bli spekulant og kremar hjå alle bøndene vil og vera eit hinder, men dette vil det bli råd med å koma over.

Virkemidlet til proletariatet er å mobilisere stridsfronten fullt ut mot den sams fienden, og dra dei lågaste og mellomstore bøndene med under leiing av proletariatet.

Dette legg grunnlaget for at dei beste mellom bøndene sjølv vert føre til å stri mot det som veks fram av spekulantar og kremarar i sine eigne rekker. Dei vert føre til det, fordi dei ser at slike tildriv avlar hjelparar for fienden, avlar kaksar av den typen som har ride dei i all tid på bygdene, og veikjer fronten mot fienden, samhaldet med arbeidarane.

Desse røynslene legg grunnlaget for at bøndene vert viljuge til å omvandla småeigedom sin til gruppeeigedom, samyrkedrift og kollektivdrift, fordi dette styrkar dei sjølv økonomisk og styrkar dei andsynes kaksane og borgarskapet elles.

Samlaget arbeidar – bonde eit kjernesporsmål

Proletardiktaturet er ein langvarig, velorganisert klassestrid arbeidarklassen fører mot borgarskapet, med det målet å gjera ende på all utbytting og alle klasseskilje. Det er eit *kjerne-*

spørsmål i denne striden å vinna dei delane av bøndene som kan vinnast for å vera med i denne striden.

Men trur ein dette vil seia at

ein skal vinna *alle* bøndene som stridsfelagar eller kan stø seg på *alle sider* ved bondementaliteten og bondeøkonomien, då vert proletardiktaturet undergravi og

grunnen vert lagt for kontrarevolusjon.

Desse sakene må dragast saman og setjast inn i programmet i kap. VI, punkt 23 b.

Fjortoft

SUPERMAKTSANGREP PÅ NORGE: TAKTISKE ALLIANSER MED BORGERSKAPET ER NØDVENDIG

I denne artikkelen peiker Thorleif på at det er naudsynt å ha ein taktikk i høve til borgarskapet under eit imperialistisk åtak mot Noreg. Samstundes meiner han at proletariatet må gå i ein taktisk allianse med borgarskapet for å slå åtaka attende i visse høve. Innhaldet i ein slik allianse går ikkje Thorleif nærare inn på

Dette er eit syn som står i strid med det nye utkastet til prinsippprogram som seier:

»Noreg er ein del av den imperialistiske verda. Det kapitalistiske Noreg tek del i den imperialistiske undertrykkinga og utbyttinga av dei undertrykte folka og nasjonane... Dei utenlandske imperialistane er fiendar av det norske folket, og det norske borgarskapet syner at det har ein unasjonal karakter ved at det alltid har oppmuntra slik utbytting og støtta seg på utanlandsk imperialisme. Av og til fører desse motseiingene til at den borgarlege staten tek tiltak mot utanlandsk kapital for å auke det norske borgarskapet sin lut. Det endrar ikke noko ved den grunnnleggjande karakteren til borgerskapet. Det er berre eit uttrykk for tevlinga mellom ulike kapitalistar.»

Har det norske borgarskapet eller store delar av det ein nasjonal karakter – mot dei to supermaktene? Eller har borgarskapet i Noreg ein unasjonal karakter fordi det er eit imperialistisk borgarskap som stor seg på ei supermakt? Slik står motseiinga.

I diskusjonen om kampen mot supermaktene tas det for lett på spørsmålet om forskjellen mellom angrep fra Sovjet og et fra USA/NATO. Prinsipielt er det ingen forskjell – angrepet er uansett om det kommer fra Sovjet eller USA/NATO, en fortsettelse av den imperialistiske klassepolitikken og uttrykk for de grunnleggende og uforsonlige motsigelsene i kapitalismen.

Et angrep fra Sovjet vil være åpenbart for alle og enhver, unnattat NKP, akkurat som de tyske imperialistenes overfall i 1940. Premissene for å ta opp militær kamp, vil variere fra NATOs tradisjonelle forsvar av amerikanske kapitalinteresser (sam-

tidig som det norske storborgerskapets interesser må forsvares mot »indre fiender») under dekke av å knuse et »rødt overfall» – til de som står på ei konsekvent antiimperialistisk linje og hele tida har bekjempet begge supermaktene. Den eneste logiske rollen NKP og deler av SV vil spille i en slik situasjon, er å bli agenter for Sovjet-hæren. 5. kolonnen kan ikke avgrensens skarpt her – like lite som den innskrenket seg til Quisling og NS under siste verdenskrig. Hva med AUF, f.eks. – som i mars i fjor ville ». . . avkreve en begrunnelse for frykten for Sovjetunionen» (i notat av Rune Gerhardsen). Det ville vel også vært

utenkelig at folk som Guttorm Hansen, Tor Oftedal (formann i Stortingets utenriks og konstitusjonskomite), Reiulf Steen, Trygve Bratteli og Gerhardsen ville vært gjester i »Sambandet Norge – Sovjetunionen» så lenge Sovjet var sosialistisk. Nå derimot, i mars 1976, troppet hele gjengen opp for å hylde sosialimperialismen.

Andre deler av borgerskapet, derimot, vil alldeles ikke legge seg flate for et Sovjet-angrep. For dem ville angrepet bli den endelige bekreftelse på den kalde krigens analyse. Selv om motstanden helt feilaktig vil bygge på forutsetningen om et kommunistisk Sovjet, vil den være like reell politisk sett – som NKPs støtte til Sovjet.

Hvilken taktikk skal vi velge overfor disse delene av borgerskapet? Skyte dem i ryggen som antikommunister eller støtte og oppildne dem til større innsats fordi de bekjemper sosialimperialismen? Ingen av delene etter min oppfatning – men jeg er lite lysten på å gå glipp av den krafta i kampen mot et sosialimperialistisk angrep de tross alt utgjør.



Jeg minner om at marxist-leninister ikke avviser taktiske allianser med borgerskapet eller deler av det for å slå tilbake et angrep fra ei imperialistmakt.

Hvilken form denne alliansen kan



LANDSMØTEFORBEREDELSENE: PROGRAM DISKUSJONEN

få og hvor omfattende den kan bli, må bli bestemt ut fra det herskende styrkeforholdet. Jeg vil bare påpeke at vi må gå grundigere til verks i å analysere motsigelsene innen borgerskapet i tilfelle av et Sovjet-angrep, og at de vil arte seg annerledes enn om NATO/USA slår til.

Selv om mange grunner taler for at Sovjet er den mest sannsynlige angriper av de to supermakter i dag, må vi ikke glemme de mange handfaste bevis for at militærkupp ikke er utenkelig i Norge om herskerklassen finner det nødvendig å knuse den folkelige frammarsjen. NATOs 5. kolonne er langt mer omfattende enn Sovjets – sann må det nødvendigvis være når vi er medlem av denne alliansen, og beredskapslovene fra 1950 passer som hand i hanske for NATOs kupplaner. Et sånt angrep på det norske folket med USA-imperialismen i spissen, vil alldeles ikke være like innlysende for alle som tyskernes overfall i 1940 eller et sovjetisk angrep. Det norske borgerskapets bindinger er ikke først og fremst til sosialimperialismen, men til Vesten, spesielt USA, og en vil få en enhetlig opptreden fra borgerskapets side. Selv om meningsmålinger har vist at det innen alle partier finnes folk som stiller seg skeptisk til NATO (sjøl innen Høyre finnes det noen slike »avvikere»), vil ingen for alvor kunne hevde at det da er noe som helst grunnlag for allianser, ikke så kortvarig som et sekund en gang.

Når jeg tar opp og etterlyser diskusjon om motsigelsene innen borgerskapet i en krigssituasjon, må ikke det dvele et annet og langt viktigere spørsmål: enhetsfronten mot imperialismen, og med den enheten mellom arbeiderklassen og dens nærmeste allierte.

Torleif.

Taktiske allianser med et imperialistisk borgerskap?

Kåre går i denne artikkelen mot Thorleif og slår fast at det ikke finnes noe norsk nasjonalt borgerskap. Sålenge Thorleif ikke gjør klart om borgerskapet eller store deler av det, har en nasjonal karakter, – ender han opp i linja med allianse med NATO-borgerskapet for å knuse sosialimperialismen, ei linje med å underordne politikken vår borgerskapets politikk. Lenin kalla slik opportunisme for sosialsjåvinisme.

For det første er jeg enig med Thorleif i at vi må ha en taktikk overfor borgerskapet – i krigstid såvel som i fredstid. Men hvis vi ikke analyserer grunntrekka ved det norske borgerskapet ender vi opp i subjektivismens sump, og taktikken vi trekker opp blir basert på ønsketenkning og ikke på virkeligheta. Og her havner også kamerat Thorleif.

DET NORSKE BORGERSKAPET ER UNASJONALT

1) Det kan ikke finnes noe nasjonalt borgerskap – eller store sanne nasjonale grupper innafor borgerskapet, i et imperialistisk land som Norge.


Sånn må det være fordi imperialismens politikk og økonomi ikke er en politikk som borgera kan følge eller la vær å følge (slik Kautsky hevder). Imperialismen er kapitalismen i vår tidsalder. Borgerskapet som klasse kan ikke eksistere og utvikle seg anna enn innafor det imperialistiske verdenssystemet. Konkret kan ikke norske små- eller midlere kapitalister eksistere annet enn innafor en økonomi som er kontrollert av monopolene i industri, handel og finans.

For borgerskapet som klasse er det derfor bare tre veier: Å slåss om profitten innafor det imperia-

listiske verdenssystemet – vokse, eller bukke under. Eller å skru utviklinga tilbake til frikonkurransekapitalismen eller føydalismen. Eller å forene seg med den proletariske revolusjonære kampen. Det første er hva som skjer. Det andre er metafysikk og tull. Det tredje er for borgerskapet å utslette seg sjøl som klasse frivillig. Det skjer ikke.

2. Motsigelsene mellom monopolborgerskapet og det lavere borgerskapet kan være antagonistisk – slik at enkelte små kapitalister ender i ruin, i kjeledressen eller på bommen. Dette er ei underordna side. Hovedsida er at borgerskapet som klasse står samla mot proletariatet. Men motsigelsene mellom supermaktene og det norske borgerskapet er ikke antagonistiske. Snarere er det slik at det norske borgerskapet bare kan eksistere på støtta fra den ene eller den andre supermakta. Når verden er oppdelt mellom to rivaliserende supermakter, kan landa i den andre verden enten leve under vingene av den ene supermakta – eller sjøl gå sammen (EEC) og danne ei tredje imperialistisk stormakt. Noen tredje vei finnes ikke.

3. Konklusjonen kan bare være at ei allianse i folkekrigen



Fascistene har tapt. Albansk oljemåleri. Då motstandskampen byrja i Albania, sto folket på like bakke som norske patriotar i 1940. Marxisme-leninisme og partiet hjalp dei til å reise ein folkehær som var sterk nok til å drive ut fascistane og bygge proletardiktaturet.

som baserer seg på borgerskapets styrke, er ei allianse med ei supermakt mot den andre.

Og konklusjonen når det gjelder hvilke klasser og grupper som går sammen under folkekrigens fane kan bare være: *Proletariatet er drivkrafta og den ledende klassen. Politikk og taktikk for å vinne store deler av småborgerskapet (særlig småborgerskapet på landsbygda) er et hovedspørsmål; med en riktig politikk, er dette mulig. Fra borgerskapet vil vi bare vinne enkeltpersoner for folkekrigens vei.* Borgerskapet må avsløres politisk, isoleres og nedkjempes med våpen.

SKAL VI DA IKKE HA EN TAKTIKK OVERFOR BORGERSKAPET?

Jo, det skal vi ha. For borgerskapet vil i krigen opprette en «hjemmefront». Politikken for denne fronten vil være å tjene som kamuflasje for monopolenes åpne samarbeid med den seirende supermakta. Og borgerlig nasjonalisme i «radikale fraser» for å splitte, svekke og knuse folkekrigen – særlig å vinne proletariatet. Klart må vi ha en taktikk overfor en slik politisk offensiv.

Thorleif sier: Vi må se åssen borgerskapet stiller seg ved in-

vasjon fra sosialimperialismen, kontra invasjon/kupp fra USA-imperialismen og oppretting av Pentagonfascisme i Norge. Ja, enig. I første tilfelle vil revisjonistene og deler av sosialdemokratiet danne spydspissen i en «hjemmefront» støtta på Moskva, for å erstatte Pentagonfascismen med Moskva-fascisme. Går vi med i en sann front? Nei.

I andre tilfelle vil et samla borgerskap med NATO-støtte være spissen i «Hjemmefronten» for å konsolidere USA/NATOs posisjon i Norge. Går vi med i en sann front? Nei. Her er det Thorleif skrittet ut i subjektivismens sump: «Klart må vi gå i allianse med borgerskapet eller deler av det for å slå tilbake angrep fra ei imperialismakt», sier han.

Men ei marxist-leninistisk analyse viser at borgerskapets politikk vil være å konsolidere den eine supermakta og knuse folkekrigen. Thorleif må enten mene at det norske borgerskapet er et sant nasjonalt borgerskap (mot begge supermaktene). Eller at et unasjonalt, imperialistisk norsk borgerskap kan føre en nasjonal progressiv politikk. Begge deler er umulig

5) Er det fortsatt utenkelig å gå i taktiske allianse med det

norske borgerskapet i krigen? Nei, men hovedlinja i taktikken vår må være å avsløre borgerskapets falske nasjonalisme som et dekke for imperialismen, kle «hjemmefronten» (uansett revisjonister eller Håkon Lie-folk i spissen) naken overfor proletariatet og småborgerskapet – og slik rekruttere til folkekrigen.

LÆR AV ALBANERNES TAKTIKK UNDER SISTE KRIG

I 1942 tok kommunistpartiet i Albania initiativet til danning av en nasjonal frigjøringsfront, samtidig begynte geriljagruppene å vokse opp i fjellområdene. Det albanske borgerskapet og «quislingene» svarte med å proklamere «Balli kombetar» – en borgerlig nasjonalistisk organisasjon støtta av fascistene i Italia og Tyskland. «Balli kombetar» la fram store ord om «frigjøring av moderlandet» og «kamp for et Albania uten utbyttere og utbyttede». Enver Hoxha streket opp denne politikken overfor borgerlig-nasjonalistene.

«Krigen kan ikke føres av oss alene, men bare sammen med hele folket. Derfor må vi ta arbeidet med disse nasjonalister på alvor... Balli kombetar er virkelig et stort hinder og vi må ikke undervurdere innflytelsen som dets tilhengere har i Albania. Vi må alltid huske at de har lyktes i å skape en oppfatning blant folk om at det finnes en nasjonalistisk organisasjon som kommunistene må nå enighet med og utvikle samarbeid med...» (Partihistoria s. 119 svensk utg.)

I taktikken fulgte kommunistpartiet disse linjene:

Avsløre den defaitistiske parolen «tiden er ikke inne til å sloss». Kreve av Balli Kombetar en sammenslutning av alle antifascistiske styrker på grunnlag av umiddelbar og total krig mot de italienske fascistene. Kreve for bud mot all borgerlig nasjonalistisk propaganda mot kommunistpartiet. Visse ledere i Balli



LANDSMØTEFORBEREDELSENE: PROGRAM DISKUSJONEN

Kombetar som hadde vist seg å være åpne fascistiske skulle avsløres for folket.

Ved å sette denne taktikken ut i livet oppnådde kommunistene å splitte de bra medlemmene fra den råtne ledelsen i Balli Kombetar, å trekke til frigjøringsfronten alle som oppriktig ville slåss mot de fascistiske angriperne. Slik kunne borgerskapets unasjonale politikk avsløres og folket kunne isolere og avstraffe alle som gikk imot folkekrigens vei.

Slik var dette en taktisk allianse for å avsløre borgerskapets unasjonale politikk og vinne vaklende mellomlag for folkekrigens vei. Det er revolusjonær taktikk.

MEN KAN VI FØRE KRIG PÅ TO FRONTER SAMTIDIG?

Nei. På den ene sida må vi

SJUKEPLEIERE

En del av proletariatet !

Kritikk av Gråtopp

Hvem er våre fiender og hvem er våre venner?

